



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
04.02.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2012/15869 531.1
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland

Tilskot skogbruk - fordeling av NMSK midlar i 2014

Fylkesmannen har fordelt midlar til *Nærings og miljøtiltak i skogbruket* (NMSK) for 2014, jf. fullmaktsbrev 17.01.13 frå Statens landbruksforvaltning.

Fordeling 2014

Hordaland fekk 1 500 000 kr til fordeling i 2014, som er to hundre tusen mindre enn i fjor. Basert på siste års avverking vert det trong for alle NMSK midlane i 2014. Fylkesmannen fordeler i *fyrste omgang* om lag 60 % av midlane. Resten av midlane vert fordelt i august månad. Fordelinga er basert på tilskotsbruk og avverka areal i 2013 samt meldingar frå skogansvarlege om forventa behov i 2014.

Om enkelte kommunar ikkje nyttar midlane vert desse overført til andre kommunar. Kommunane vert i fyrste omgang tildelt færre midlar enn forventa behov og nokre kommunar 0,- kr. For dei kommunane som ikkje vert tildelt tilskot, men får søknader om statleg tilskot, ta kontakt med Fylkesmannen.

Fordeling av NMSK 2014 (om lag 60 % av totalt NMSK budsjett)

Kommune	Tildeling 2014	Kommune	Tildeling 2014
Bergen	100 000	Granvin	20 000
Sveio	10 000	Voss	150 000
Stord	10 000	Kvam	50 000
Tysnes	30 000	Fusa	50 000
Kvinnherad	50 000	Samnanger	30 000
Ullensvang	50 000	Os	30 000
Ulvik	0	Askøy	0
Vaksdal	30 000	Modalen	0
Meland	30 000	Lindås	50 000
Odda	10 000	Etne	20 000
Bømlo	0	Fitjar	10 000
Austevoll	0	Sund	0
Fjell	0	Øygarden	0
Fedje	0	Radøy	20 000
Masfjorden	0	Jondal	10 000
Eidfjord	0	Austrheim	10 000
Osterøy	30 000		

Tilskotsatsar

Tilskotsatsane i fylket er høge i høve andre område av landet, der satsane for skogkultur ofte er 20-25 %. I Hordaland som skogreisingsstrøk er det likevel naturleg at tilskot til *skogreising og treslagsskifte* er høgare der skogeigar ikkje har skogfondsmidlar. Skogkultur *etter hogst* bør i hovudsak finansierast av skogfondsmidlar. I 2012 inviterte fylkesmannen skogansvarlege frå nokre av kommunane og skognæringa til å utarbeide forslag til felles tilskotsatsar og kostnadsgrenser. I hovudsak vart forslaget **80 %** tilskot ved *treslagsskifte og skogreising* og **50 %** tilskot *etter hogst*. I tillegg eventuelt tilskot frå kommunen eller fond. Fylkesmannen vil tilrå at alle kommunane i 2014 nyttar desse satsane og anbefalte kostnadsgrenser for skogkulturarbeid.

Sjå heimesida til fylkesmannen – Regionalt skog og klimaprogram, vedlegg 2
<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/>.

Fylkesmannen vil om kort tid registrere fordelinga i ØKS systemet, klart for bruk i 2014.

Med helsing

Åse Vaag
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.